



Georg Magnar Dyrli
Grønfjellet 22
5955 LINDÅS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2285 - 16/24845

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

13.09.2016

Svar på søknad om dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett - gbnr 108/153 Lindås

Teknisk drift syner til brev motteke 12.09.2016 vedkomande søknad om dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom tiltak (ytterkant mur) og næraste del av kommunalt leidningsnett skal være minimum 2,4 meter.
- Mur skal være forsvarleg fundamentert slik at det ikkje er fare for utrasing av mur ved arbeid på kommunalt leidningsnett. Om mulig skal mur være fundamentert på fast fjell.
- Lindås kommune fråseier seg alt ansvar for skade som oppstår på mur under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg (veg, vatn og avlaup). Dersom skade oppstår på mur under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg er dette kommunen uvedkomande. Eigar av mur må sjølv sørge for og dekke kostnadene ved utbetring av disse.
- Tiltakstakshavar må undersøkje med BKK og Geomatikk om andre kabeleigarar har kablar i området. Kabelpåvisning kan ein få ved å vende seg til gravemeldingstenesten i BKK og Geomatikk. Eventuelle krav frå andre kabeleigarar vil komme i tillegg til Teknisk drift sine krav.

Det er med heimel i «Standard abonnementsvilkår – Tekniske og Administrative bestemmelser» a, Va norm for Lindås kommune, samt §§ 29-30 i Veglova at Teknisk drift skal setje krav til tiltak langs kommunalteknisk anlegg. Vi gjer merksam på at løvye berre gjeld i høve overnemte regelverk og ikkje dei rettar/privatsrettslege avtalerDe har ovanfor eventuelle grunneigarar.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås kommune ved byggesak
Lindås kommune ved fagsjef veg

Mottakarar:

Georg Magnar Dyrli

Grønfjellet 22

5955

LINDÅS